



# Åseral kommune

Avd. for natur og næring

## Melding om vedtak

Landbruks- og Matdepartementet  
postboks 8140 dep.  
0033 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 00143	Doknr.: 57
Mottatt: 3 MAI 2006	
Saksbeh. MPSDD	Dato: 28.04.2006
Kopi:	Arh.: 713
Avskr.:	

Dykkar ref:

Vår ref:  
06/00206-3

Sakshandsamar:  
Øyvin Moltumyr  
38 28 58 52  
oyvin.moltumyr@aseral.kommune.no

Arkivkode:  
029 V5

### SÆRUTSKRIFT:

### HØYRING TIL FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

#### Vedtak i Næringsutvalet - 25.04.2006:

Primært bør staten og dyrehaldarane sammen ha ansvaret for dyrehelsetenesten i Norge.

Kommunal overtaking av ansvaret for veterinærdekninga må skje på følgende vilkår:

1. Departementet må konkretisere kva som er "tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell."
2. Staten må syte for at kommunane sine utgifter som fylgje av ansvarsoverdraginga blir dekkja fullt ut. Dette vil vera i tråd med regjeringa sin uttalte intensjon.

Med helsing

Øyvin Moltumyr  
avdelingssjef  
*Janne I. Svendsen*



## MØTEBOK

---

**Utval:** NÆRINGSUTVALET  
**Møtedato:** 25.04.2006  
**Møtestad:** Åseral rådhus, Monn, Frå kl. 10:00 Til kl. 15:00

---

**Til stades på møtet**

**Medlemar:**

Bjarne Verdal, Jens Røysland og Willy Murbræch

**Varamedlemar:**

Bjarne Smeland for Jan Arild Bjørndal  
Ingen for Britt Ljosland Johansson

**Andre:**

Reiselivskonsulent Odd Helge Liestøl  
Jordbrukssjef Astrid Marie Engeli  
Avdelingssjef Øyvin Moltumyr

**Saker:**


06/0024, 06/0025, 06/0026, 06/0027, 06/0028, 06/0029, 06/0030 og 06/0031 (tilleggssak)

**Merknader til sakliste/innkalling:**

Ingen

---

Underteikna stadfester med si underskrift at møteboka er ført i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Sign: 

---



## HØYRING TIL FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
06/0028	Næringsutvalet	25.04.06

### Framlegg til vedtak:

*Primært bør staten og dyrehaldarane saman ha ansvaret for dyrehelsetenesten i Norge.*

*Kommunal overtaking av ansvaret for veterinærdekninga må skje på følgjande vilkår:*

- 1. Departementet må konkretisere kva som er "tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell."*
- 2. Staten må syte for at kommunane sine utgifter som fylgje av ansvarsoverdraginga blir dekkja fullt ut. Dette vil vera i tråd med regjeringa sin uttalte intensjon.*

### Handsaming i Næringsutvalet - 25.04.2006:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Næringsutvalet - 25.04.2006:

*Primært bør staten og dyrehaldarane saman ha ansvaret for dyrehelsetenesten i Norge.*


*Kommunal overtaking av ansvaret for veterinærdekninga må skje på følgjande vilkår:*

- 1. Departementet må konkretisere kva som er "tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell."*
- 2. Staten må syte for at kommunane sine utgifter som fylgje av ansvarsoverdraginga blir dekkja fullt ut. Dette vil vera i tråd med regjeringa sin uttalte intensjon.*

---

### Trykte vedlegg:

- Brev frå landbruks- og matdepartementet av 15.02.2006 om høyring av framlegg til endring av lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell.

Sign: 

## Utrykte vedlegg:

Andre dokument under journalnummer 06/00206

## Bakgrunn:

Eg syner først og fremst til vedlegget.

Høringa gjeld naudsynt lovendring i samband med planlagd etablering av kommunalt ansvar for å syta for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell. Samstundes skal det bli kommunane som får eit overordna ansvar for klinisk veterinærsvakt.

Det blir gjort framlegg om at kommunane sjølve skal kunne definera kva som er tilfredsstillende veterinærdekning og vaktordning.

Det økonomiske grunnlaget for å sikre framtidig veterinærdekning er ikkje særleg utgreia. Staten tek sikte på at spørsmålet om kor store økonomiske middel kommunane skal få for å overta ansvaret skal avgjerast etter at overføringa har skjedd! Konkret skal vederlaget fastsetjast i samband med handsaminga av kommuneøkonomiproposisjonen.

Eg kan ikkje sjå at det blir gjort framlegg om at det skal gjevast kompensasjon for den tidlegare ordninga med distriktsveterinær. Fram til 2004 bidrog staten med middel gjennom finansiering av ordninga med distriktsveterinær. Desse midla forsvann frå utøvande veterinærteneste ved opprettinga av Mattilsynet.


For Åseral sin del er det viktig å tenke på kva endringa kan ha å seie i vår situasjon der vi allereie har tilsett ein kommunal veterinær som er busett i kommunen.

## Vurdering:

Under den førige regjeringa kranгла dåverande landbruksminister Lars Sponheim med veterinærane i vekevis. Til sist blei både departementet og ministeren tilsynelatande lei av heile greia. Nå vil staten difor overføra ansvaret for utøvande veterinærteneste til kommunane.

Den naudsynte sukringa av eit framlegg om at kommunane skal få meir ansvar og kostnader er at det skal følgja med pengar. Storleiken på summen skal imidlertid fastsetjast etter at fristen kommunane har for å uttale seg har gått ut. Det blir i tillegg argumentert med at kommunane med sin lokalkunnskap om kommunikasjonsforhold og dyrehald har dei beste føresetnader for å finne fram til gode løysingar.

Det blir litt snodig for meg at kommunane sjølve skal definera kva som er naudsynt og at staten etterpå skal fastlegga kor mykje kommunane skal få i vederlag for dette. Det er vanskeleg å sjå lovendringa som noko anna enn ei byrjande rasering av organisert veterinærteneste. Sett i lys av kommuneøkonomien rundt om i landet, vil ei slik rasering bli ein realitet i løpet av få år så lenge det ikkje blir definert heilt klart kva ansvaret omfattar og kva for økonomiske rammer ein skal ha og halda seg til. Samstundes vil ein ikkje seie i klårtekst at ein vil overlata veterinærteneste til marknaden og til sist ansvaret til dyrehaldarane.

Sign: 

Følgjene av endringa blir ikkje føreseielig for kommunane.  
Framlegget gjev ingen garanti for at staten dekker kommunane sine utgifter. Dette er jo særlig synlig i Åseral der misnøye med det statlege tilbodet har gjort at vi i ei rad år har hatt eigen kommunal veterinær utan å få nokon kompensasjon for dette frå staten.

Allereie ved nedlegginga av stillingane som distriktsveterinær, blei veterinærtilbodet mange stader sterkt svekka. (Dette gjeld og i vårt distrikt men er kanskje mindre synleg enn det eigentleg er ettersom distriktsveterinæren i Marnardal har hatt permisjon frå ein del av stillinga si i mattilsynet for å drive klinisk praksis.) Dette forholdet er ikkje nemnd i høringsnotatet, og eg kan ikkje sjå at det er gjort framlegg om full økonomisk kompensasjon for midlane som ble omfordelt i samband med at distriktsveterinærane blei overført til det nye mattilsynet.

Eg ser det som ganske sikkert at lova blir vedteken med eller utan mindre endringar i høve til høringsutkastet. Med lova på plass, må vi sette oss ned saman med nabokommunar for å finne gode samarbeidsordningar.

### **Konklusjon:**

Eg meiner primært at staten og dyrehaldarane, saman bør ha ansvaret for dyrehelsetenesten i Norge.

Eg meiner vi likevel bør angje kva som må vera vilkåra for å overta ansvaret. Dette fordi eg ser det som ganske sikkert at ansvaret vil bli overført.

### **Partar**

Landbruks- og Matdepartementet postboks 8140 dep. 0033 OSLO

### **Kopi til:**

Arkiv

Sign:  \_\_\_\_\_